

Hafrsfjord og nokre andre stadnamn kring fjorden på Nord-Jæren

INGE SÆRHEIM

Særheim, I. 2011. *Hafrsfjord and other place-names from the Hafrsfjord area in northern Jæren*. Ams-Varia 53, 5–14. Stavanger. ISSN 0332-6306, ISBN 978-82-7760-152-6, UDK 801.311.

This article deals with the fjord name *Hafrsfjord* and other place-names from the Hafrsfjord area in northern Jæren (Southwest-Norway). The author discusses the etymology and the semantics of the fjord name and related toponyms, as well as the background and function of other place-names from this area, e.g., toponyms linked to harbours and old defence systems. Some unique and ancient settlement names from northern Jæren are discussed, e.g., *Tjora*, *Viste*, *Madla* and *Hinna*. It is argued that local place-names – both macro- and microtoponyms – are important sources of information about the history and culture of the area, including the local language.

Key-words: place-names, toponymy, Hafrsfjord, cultural history, ancient settlement names

Inge Særheim, Universitetet i Stavanger, Det humanistiske fakultet og Institutt for kultur- og språkvitenskap, 4036 STAVANGER, NORWAY, Telephone: (+47) 51 83 10 18. Telefax: (+47) 51 83 13 50. E: mail: inge.særheim@uis.no

Innleiing

Målet med denne artikkelen er å gje døme på stadnamntilfang som kan utnyttast som kulturhistoriske kjelder i tverrvitenskapleg samanheng. Nokre metodiske utfordringar ved bruk av toponym som kjelder er tekne opp. Først blir det språklege opphavet og den reale bakgrunnen til namnet *Hafrsfjord* drøfta. Skyldelagningar frå Jæren og Island er dregne inn i diskusjonen. Deretter følgjer ein omtale av nokre andre stadnamn langs fjorden på Nord-Jæren som har spesiell interesse i ein kulturhistorisk samanheng, bl.a. namn som er knytte til ferdsel og namn som har bakgrunn i eldre forsvarssystem, dessutan nokre namn som i lokal tradisjon blir sette i samband med slaget i Hafrsfjord. Siste delen av artikkelen omhandlar nokre unike og svært gamle gardsnamn som omkransar Hafrsfjord; same typen namnelagningar finst lenger sør på Jæren. Slike namn er i regelen knytte til gamle sentralstader og maktsenter i eit område der det har vore samanhengande jordbruksbusetjing sidan eldre bronsealder.

Opphavet til namnet *Hafrsfjord*

Stadnamnet *Hafrsfjord* har ein spesiell klang her i landet og elles i Norden, først og fremst på grunn av den viktige historiske hendinga som fann stad i denne fjorden i vikingtida, gjerne tidfest til 872. Det er ei vanleg oppfatning – blant lek og lærd – at sjøslaget i Hafrsfjord, der Harald Hårfagre sigra, var ei skilsetjande hending i den norske rikssamlinga, for samlinga

av landet til eitt rike og grunnlegginga av nasjonen Noreg – det seinare Noregsveldet. Namnet og omgrepet *Hafrsfjord* har vorte eit viktig symbol i den norske nasjonsbygginga, og eit uttrykk for nasjonalkjensle og identitet som folk.

Også for islendingar har dette namnet fått ein spesiell funksjon. Slaget i Hafrsfjord og det etterfølgjande hardstyret til Harald Hårfagre førte til at mange nordmenn, ikkje minst folk frå Sørvest-Noreg, for til Island og slo seg ned der. Dette kan gjerne seiast å ha vorte noko av føresetnadene for – og eit viktig innslag i – den islandske sagadiktinga, særleg ættesogene (islandingesogene), og har følgeleg vore sentralt for den islandske identitetsbygginga.

Frå vikingtida til moderne tid er Hafrsfjord omtala av diktarar og historikarar. Denne staden er omtala – og namnet nemnt – fleire gonger i den norrøne litteraturen, både i skaldedikt og sagatekster. Velkjent er det norrøne skaldekvadet *Haraldskvæði*, der den norske skalden Torbjørn Hornklove (ca. 900 e.Kr.) ordlegg seg på følgjande måte: “Heyrðir þu i hafrsfirþi hve hizug barþiz konungr hiN kynstóri við Kiotva hiN Áðlagða”, og “†stuz Ástkylpvr ok um iaðar hliopo heim or hafrs fyrþi ok hugðo a mioð dryckio” (Finnur Jónsson i *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1, 1967:25 f.). I Hallvard Magerøys omsetjing lyder dette: “Høyrede du kor hardt dei i Havsfjord kjempa, den høgætta kongen med Kjøtve den rike?”, og “Øste over Jæren austbiksar rømde heim att frå Havsfjorden lystne på mjøddrikk” (*Den norrøne litteraturen* 6, 1963:16).



Fig.1. Steinblokka Hesten (Havrahesten) på Haver (Hå). Foto: Inge Særheim, UiS.
Fig.1. Hesten rock (Havrahesten) in Haver (Hå). Photo: Inge Særheim, UiS.

Den særmerkte og noko arkaiske forma som fjordnamnet har fått, med den offisielle skrivemåten *Hafrsfjord*, speglar den historiske dimensjonen som ligg i namnet, nemleg arven frå vikingtida og mellomalderen, og norrønt språk. Den normerte skrivemåten speglar i større grad det språklege opphavet til namnet og den norrøne namneforma enn den nedarva lokale uttalemåten. Den normerte norrøne forma er *Hafrsfjǫrðr*.

I nedarva målføreuttale langs fjorden blir dette namnet (av eldre folk) uttala /ˈhafʃoːr/, ei uttaleform som òg er teken med under omtalen av namnet i *Norske Gaardnavne* (NG 10 183). Denne uttalemåten ville svara til ein normert skrivemåte *Haffjord*. Ei slik form kunne tyda på ei opphavleg norrøn form **Hafrsfjǫrðr*, som er såkalla stammekomposisjon, dvs. at førsteleddet har stammeform. Men også uttalen /ˈhafʃoːr/ vert nytta på Nord-Jæren. Denne uttalemåten ligg nærare den normerte forma *Hafrsfjord*, som er genitivkomposisjon, med førsteleddet i genitiv eintal, gno. *Hafrsfjǫrðr*, i samsvar med skrivemåten i norrøne kjelder.

Skrivemåtane i den norrøne litteraturen kan tyda på at føreleddet i dette fjordnamnet er – eller er språkleg skyldt – husdyrnamnet gno. *hafr* m. ‘buk’, som ligg føre i fleire stadnamn her i landet, særleg i fjell- og øynamn. Men språkleg er det òg råd å tolka føreleddet som det likelydande og språkleg skyldte mannsnamnet gno. *Hafr*, som er laga til dyrenemnet *hafr*. Mannsnamnet *Hafr* er nytta på Island, bl.a. i landnámstida, jf. *Hafr á Hafrsstǫðum* (i Knappadalur). Busetnadsnamnet *Hafrsstaðir* førekjem òg andre stader på Island, nemleg i Skagaströnd og Eyjafjörður; dessutan finst *Hafrsstaðir* i Langavatnsdalur (Lind 1905–15:439 f.). I desse namna er føreleddet tradisjonelt tolka som mannsnamnet norr. *Hafr*, med genitivforma *Hafrs* i namnet *Hafrsstaðir*.

Interessant er det at det førekjem eit identisk fjordnamn på Vest-Island, nemleg *Hafursfjörður*, med norrøn form *Hafrsfjǫrðr*. Det er spesielt interessant at det ligg føre samansette namn med dette fjordnamnet som føreledd der det førekjem ei anna form av fjordnamnet som samansetjingsledd, nemleg *Haffjarðar*-. Denne samansetjingsforma finn ein i namnet *Haffjarðará* (‘å,

elv'), nemnt i *Grettis saga* (1936:192). I *Eyrbyggja saga* finn ein forma *Hafsjarðarey* ('øy'), også skrive *Hafrsfjarðarey* (1935:154). Øynamnet er nytta om ei øy som ligg i denne fjorden, medan elvenamnet er brukt om ei elv som renn ut i fjorden. I *Ísland vegaatlas* (2006:13) finn ein forma *Haffjarðará*, dessutan namnet *Haffjarðardalur* ('dal') frå same området (Fig. 3).

Denne variantforma av det islandske fjordnamnet som første samansetjingsledd synest vera ein parallell til namneformene som er nytta på Jæren. Der finn ein, som nemnt, den lokale forma *Haffjord* /"hafjo:r/ av fjordnamnet *Hafrsfjord*, og samansette namn som *Haffjordkjeften* /"hafjo:rçeften/ (fjordmunningen) og *Haffjordskjera* /"hafjo:rsje:rål/. Dette kan sjå ut som to ulike samansetjingsmåtar, genitivkomposisjon (norr. *Hafrs-*) og stammekomposisjon (norr. *Hafr-*). Men vel så rimeleg er det å tolka dette som opphavleg genitivsamansetjing, der *s*-en (og tidlegare *r*-en) har vorte assimilerde med *f*-en, som finst både i føre- og etterleddet.

Ein annan parallell til at det ligg føre to ulike former av norr. *hafr* m. som føreledd i samansette stadnamn, finn ein i eit båenamn frå sjøen på Midt-Jæren. Sør for Feisteinen (Klepp) ligg det ein farleg to-toppa grunne i sjømålet, kalla *Habboen* /"habo:en/ i det ned-arva målføret (Særheim 1978:152). Den søre toppen er kalla *Søre boen* /"sø:re "bo:en/. Etterleddet er ordet *båe* m., norr. *boði* m. 'grunne i sjømålet', medan føreleddet truleg er norr. *hafr* m. 'buk'. Også her ligg det føre ei variantform i lokal namnetradisjon, nemleg *Havsboen* /"hafsbo:en/. Den sistnemnde forma tyder på opphavleg genitivsamansetjing, norr. **Hafrs-* (om namnet er så gammalt). Uttalemaaten /"habo:en/ kan vera ei seinare utvikling av denne forma med assimilert konsonant, tilsvarande /"hafjo:r/ og dei islandske namna på *Haffjarðar-*; mindre truleg speglar denne uttaleforma opphavleg stammesamansetjing, norr. **Hafr-*.

Eit tredje namn frå Jæren som synest innehalda norr. *hafr* m. 'buk', er gardsnamnet *Haver* /"ha:ver/ frå Hå (Sør-Jæren), vel norr. **Hafr* m. Her siktar namnet truleg til ei stor steinblokk og eit sjømerke på garden, no kalla *Hesten* eller *Havrahesten* (Fig. 1)(jf. Særheim 1978:153). Det kunne òg tenkjast at namnet siktar til to fint avrunda skjer som ligg ved sida av ein annan i sjøen utføre denne garden, no kalla *Tvibogen* /"tvi:båien/, men det tykkjast mindre rimeleg. Også på denne staden finn ein samansette namn der det opphavlege namnet med namneleddet norr. *hafr* m. står som føreledd, nemleg *Havstangen* /"hafstanjen/, dessutan *Havrabukta* /"havraboktå/, *Havralandet* /"havralane/ og det nemnde *Havrahesten* /"havrahest,n/. Dei tre sistnemnde er truleg yngre lagingar, medan genitivkomposisjon, norr. **Hafrs-* synest vera det opphav-

lege i *Havstangen*, som i *Havsboen*, *Hafrsfjord* og det islandske *Hafursfjörður*.

Magnus Olsens tolking av namnet *Haver* som norr. **Hafv†rðr* m. 'havvakta' (NG 10 94), med bakgrunn i ei høgd nord for garden der det er godt utsyn over sjøen, er ikkje rimeleg språkleg sett. Olsen viser til gardsnamna *Sundvor* /"sonvå:r/ (Bjerkreim), tolka som norr. **Sundv†rðr* 'sundvaktar' (NG 10 58), dessutan *Folkvor* /"fålkvå:r/ (Sandnes), tolka som norr. **Folkv†rðr* 'folkevakta' (NG 10 175). Denne språklege forklaringa er ikkje i samsvar med den lokale uttalemaaten av *Haver*, der ein finn tonem 1. Olsen baserer tolkinga si av dette namnet på feil uttaleform; han har nemleg fått oppgjeve tonem 2, noko som ikkje stemmer. Uttalen med tonem 1 tyder på usamansett – og ubestemt – form av norr. *hafr* m., ikkje den rekonstruksjonen som Olsen foreslår.

I NG 10 (183), der føreleddet i *Hafrsfjord* av Olsen er tolka som gno. *hafr* m. 'buk', er det foreslått at namnet kan ha bakgrunn i eit skjernamn gno. **Hafr*, nytta om eit skjer i fjordmunningen, det såkalla *Prestaskjer*, også kalla *Storaskjeret* (Fig. 2). Dei to største skjera som ein finn her, *Litlaskjeret* og *Storaskjeret*, er låge, men dei ligg godt over sjømålet og er lett synlege for båtførarar. Det same kan seiast om eit tredje skjer i dette området, kalla *Skarven*. Vel så rimeleg kan det synast å setja namnet i samband med ein farleg grunne som ligg her, innføre *Litlaskjeret*. Før stakk det opp ein topp på han, men denne skal no vera veksknoten, og grunnen har fått stake. Denne grunnen og skjera like ved har saman med den sterke straumføringa i fjordkjeften vore med på å gjera innseglinga til fjorden vanskeleg. Truleg er det slike tilhøve som ligg til grunn for eit skjer- og grunnenamn gno. **Hafr*, som synest vera føreledd i det samansette *Hafrsfjord* (Særheim 1978:152 f.).

Ein god parallell til eit slikt grunne- og skjernamn er i så fall båenamnet *Habboen-Havsboen* frå Feisteinen. Ord for 'horn' og nemne for 'buk' og nokre andre dyreslag (med og utan horn) er elles nytta i andre namn på skjer, grunnar og andre lokalitetar som



Fig. 2. Munningen av Hafrsfjord. Foto: Inge Særheim, UiS.
Fig 2. The mouth of Hafrsfjord. Photo: Inge Særheim, UiS.

er farlege for båtferdsla på Jæren, t.d. *Nivlingane* (jf. norr. *knýfill* m. 'lite, stubbete horn på fe'), *Risbitskje-ret* (*risbit* m. 'årsammal bukk eller vêt'), *Rongvershola* /"rångve:rså:lå/ (*runnver* m. avlsdugleg ver'), og mange fleire (jf. Særheim 1978:150 ff.).

Kva er så bakgrunnen for det tilsvarande fjordnamnet frå Island? Finst det noko reall samband med det likelydande fjordnamnet på Nord-Jæren? Det kan sjølvstøtt ikkje utelukkast at det her ligg føre døme på oppkalling, altså at *Hafursfjörður* på Vest-Island er oppkalla etter *Hafrsfjord* på Jæren. Oppkalling ser likevel ikkje ut til å ha vore særleg utbreidd på Island i vikingtida. Men det finst nokre einstaka døme. Ólafur Lárusson (1939:64) nemner *Belamörk* (i Hörgárdalur) etter vårt *Telemark* (norr. *Belamǫrk*) og *Finnmörk* (i Dalasýsla) etter vårt *Finnmark* (norr. *Finnmǫrk*), dessutan *Katanes* etter *Caithness* (norr. *Katanes*) i Skottland og gardsnamnet *Sigtún* etter det svenske *Sigtuna*. Det norske *Hafrsfjord* er utan tvil blant dei namna som skulle kunna lånast inn og bli nytta i namngjevinga på Island i vikingtida. Ei anna forklaring kan likevel synast rimelegare.

Det norrøne ordet *hafr* m. 'buk' er som nemnt nytta i namngjevinga av fjell og øyar i Noreg. Fjellnamnet *Havren* finn ein fleire stader her i landet, bl.a. i Leikanger (Sogn) og Verdal (Nord-Trøndelag), jf. òg *Haveren* i Vestvågøy (Nordland). Elles finst det mange samansette namn på *Havr(e)*- o.l., jf. *Havrefjellet* i Nissedal (Telemark) og øynamn som *Haverøy*, *Havreøy* o.l., som førekjem langs norskekysten (NSL 200).

Nemnst skal elles eit par ord for kvalartar på norr. *hafr*-, nemleg *hafrhvalr* m. (ein slags kval) og *hafrkitti* m. (ein slags kval), som kunne tenkjast som bakgrunn for skjergardsnamn på *Haver*-, *Havre*- o.l. Likevel synest samband med det nemnde norr. *hafr* m. 'buk' rimelegare i slike namn.

Også på Island ser norr. *hafr* m. 'buk' ut til å vera nytta i samansette namn på fjell. Like innføre *Hafursfjörður* på Vest-Island finn ein t.d. *Hafursfell* (Fig. 3), eit fjellnamn som òg førekjem andre stader på Island. Men i det vanlege fjellnamnet *Hafrafell* (11 stader) er føreleddet av Svavar Sigmundsson (2010:121 ff.) sett til ei tyding 'rynka', med bakgrunn i fjellforma (som horn på geitebuk).

Det synest ikkje urimeleg å rekna med samanheng mellom dei to namna *Hafursfjörður* og *Hafursfell* frå same området på Vest-Island, med fjellnamnet som det primære i dette høvet; fjorden har i så fall fått namn etter fjellet like ved. Med denne tolkinga er den vestislandske og den sørvestnorske fjorden namngjevne på liknande måte, den eine med namn etter eit fjell like ved og den andre med namn etter eit farleg skjer i fjordmunningen.




Fig. 3. Hafursfjörður, Haffjarðarey og Haffjarðarará (Island). Kart: Inge Særheim, UIS.

Fig. 3. Hafursfjörður, Haffjarðarey and Haffjarðarará (Iceland). Map: Inge Særheim, UIS.

Stadnamn frå Hafrsfjord-området som kulturhistoriske kjelder

Det finst mange lokale stadnamn – mikrotoponym eller smånamn – i og langs Hafrsfjord på Nord-Jæren. Slike namn er knytte til eldre verksemder, arbeidsprosessar og tradisjonar og gjev eit spegelbilde av folkekulturen og folk sine gjeremål gjennom tidene. Mange namn er knytte til jordbruk og husdyrhald, som *Kjen-garen* (Nordra Sunde, 'hjelmgard', ei spesiell innretning der ein lagra hø), *Butrædet* (Haga, 'buveg' der ein dreiv husdyra til beita i utmarka), *Molkehagen* (Jåsund, stad der ein mjølka kyrne ute), *Stølsberget* (Haga, vel ein tidlegare mjølkeplass), *Hestahagen* (Haga, beitehage for hestar) og *Dugane* (Meling, dyrka teigar i myr).

Men også andre verksemder er nemnde. *Torvtaget* (Jåsund; 'torvtaket') fortel om torvskjering, *Aurbanen* (Meling) om henting av grus (aur), *Kjeldeberget* (Meling) om vasskjelde og henting av vatn, og *Møllebukta* (Madla) om møllebruk og maling av korn. Bakgrunn i fiske har namn som *Laksaskjeret* (Nordra Sunde) og *Torskaberget* (Grannes). Om eit gammalt tidmerke, eit fast mål for når ein skulle eta nonsmåltidet, fortel *Nunsberg* (Meland), medan *Tretteberget* (Haga/Meling) truleg speglar usemje om eigeoms- og bruksrettar i det eldre gardsamfunnet.

Namnet *Foren* (Madla) inneheld ordet *ford* m., nytta om våtlendt mark med bekk og ein veg som kryssar. Dette ordet, som førekjem i mange stadnamn i Sør-Rogaland, er i slekt med verbet *fara*, og svarar til engelsk *ford* 'vad' og det tilsvarande tyske *furt*, som også

er vanlege i stadnamn, jf. dei tyske *Frankfurt*, *Schweinfurt* og *Ochsenfurt*, og dei engelske *Oxford*, *Stratford* og *Ford*.

Dei lokale stadnamna er eit viktig språk- og kulturhistorisk kjeldetilfang. Gjennom slike namn kan ein lokalisera fenomen, aktivitetar, førekomster, tradisjonar og hendingar, og namna gjev ved det språklege innhaldet sitt viktige informasjonar om natur og kultur på dei ulike stadene. Men stadnamna gjev ikkje nødvendigvis eit representativt bilete av tradisjonar, hendingar, natur og kultur i eit område. Stadnamna skal vera utmerkjande; dei skal tena til å skilja mellom dei ulike stadene. Det må ein ta med i vurderinga når ein nyttar stadnamna som lokalhistoriske kjelder.

Fiskenemnet *sild* f. er t.d. så godt som fråverande i skjergardsnamna frå Jæren, Kvitsøy og Utsira, trass i at det har vorte fiska store mengder sild på desse stadene gjennom tidene. Eit namn med dette nemnet ville vera lite utmerkjande; det ville ikkje skilja ei vik frå ei anna vik. Sameleis er fiskenemnet *aure* m. nesten fråverande blant ca. 12000 stadnamn som er registrerte frå Sirdal, sjølv om ein har fiska aure i dei fleste vatn, tjørner, elvar og bekker. Nemnet ville ikkje skilja den eine staden frå alle dei andre. Men namn som *Fiskelaus*, *Fiskeløys* og *Øydevatn* førekjem, nytta om nokre fåe stader der ein ikkje har fått fisk. Om lag 80 namn frå denne kommunen inneheld dyrenemnet *bjørn* m., vel fordi førekomst av dette dyreslaget på visse stader var så viktig å vita om for folk at det vart nemnt i stadnamna.

Eit spørsmål som er aktuelt å stilla, er om det finst stadnamn som har bakgrunn i det viktige slaget i Hafrsfjord sist på 800-talet. Ein veit frå andre stader langs Jær-kysten at nokre stadnamn har bakgrunn i spesielle hendingar som går fleire hundre år attende i tid, t.d. skipsforlis på 1500-, 1600- og 1700-talet. Men for Hafrsfjord-slaget ville det dreia seg om munnleg tradisjon i meir enn 1100 år. Mange namn frå denne fjorden, først og fremst gardsnamna, er laga lenge før 800-talet. Men det er nok ikkje grunn til å rekna med spor etter sjølv sjøslaget blant mikrotoponyma. Det kan likevel ha interesse å sjå på lokal tradisjon som er knytt til eit par namn ved fjorden.

Det blir t.d. fortalt at nokre krigarar som deltok i slaget, 'berga' seg opp på fjellet *Berge* /'berje/ på Haga og forsvara seg frå denne toppen. På dette fjellet er det ei gammal bygdeborg; fjellet er vanskeleg å koma opp på. Det er freistande å setja dette namnet samen med ordet norr. *byrgi* n. 'borg', som ligg føre i t.d. *Børgje* /'børje/, brukt om ei høgde med ei bygdeborg på Utsira, dessutan i nokre samansette namn på *Børs-* andre stader i Rogaland, t.d. *Børshaugen*, ei bygdeborg ved Vindafjorden (på Rosseid i Suldal). I så fall kunne ein

rekna med at uttalen av namnet frå Haga var påverka av ordet *berg* n. Språkleg er det likevel enklare å tolka dette namnet som 'stivna' dativform av ordet *berg* n., jf. det vanlege gardsnamnet *Berge* /'berje/; slike stivna kasusformer er likevel mindre vanlege i naturnamn. Det finst òg andre bygdeborger rundt Hafrsfjord, bl.a. på Sørnes, Røyneberg og Nordra Sunde. Slike forsvarsanlegg blir gjerne tidfeste til folkevandringstida. Det er ikkje rimeleg at fjellnamnet *Berge* frå Haga har bakgrunn i slaget i Hafrsfjord.

Det blir elles fortalt om haugen og namnet *Sodhaug* /'so:dhau/ på Jåsund at det er ein "kong Sote" som ligg gravlagd i denne haugen. Haugnamnet er med andre ord knytt saman med Sote jarl, bror til kong Sulke i Rogaland, som, ifølgje Snorre, var med i slaget i Hafrsfjord og fall der. Rimelegare er det likevel å tolka føreleddet i dette haugnamnet som substantivet *sot* (f. og n.), vel med bakgrunn i brenning på haugen. Det er såleis heller ikkje grunn til å setja dette stadnamnet i samband med slaget i fjorden. Sjølv gravhaugen er mykje eldre enn 800-talet e.Kr.

Sjølv om ein ikkje finn stadnamn frå dette området som har direkte samband med slaget her for vel 1100 år sidan, kan dei lokale namna vera med på å fylla ut eit bilete av miljøet på denne staden langt attende i tid, som viktig bakgrunn og føresetnad for dei spesielle hendingane som fann stad i denne fjorden. For å kunna utnytta det aktuelle namnetilfanget trengst det omfattande registrering og analyse av dei lokale stadnamna. To temaområde vil vera av spesiell interesse å undersøka, nemleg namn som har bakgrunn i forsvar og namn som er knytte til båtferdsel. I denne omgangen skal det berre gjevast nokre fåe døme på namn som kan setjast inn i ein slik historisk samanheng.

Ein kan rekna med at fleire namn med nemnet *varde* m. har bakgrunn i eit organisert forsvarsverk der dei fastbuande har varsla om fiendtlege åtak ved å brenna vedstablar på toppen av vedkomande høgder. Men dette ordet har òg andre bruksmåtar i stadnamn, t.d. brukt om berg med ei oppbygd steinrøys på toppen, nytta som vegmerke. Nemnet *varde* m. ligg føre i fleire namn frå Hafrsfjord-området, bl.a. *Varden* på Myklabost, Meling og andre stader, dessutan *Øysteinsvarden* på Nordra Sunde, *Brannsvarden* på Raustein og *Vardåsen* på Tjora (Fig. 4).

Tilsvarande bakgrunn har namn med ordet *vete* m. '(branns)varde; bål kveikt på høgder for å varsla om fiendar'. Namnet *Veden* finn ein fleire stader langs kysten på Jæren, bl.a. på Tasta, Vigdel, Hellestø, Reve og Obrestad. Namnet *Eldhaug*, som kan ha liknande bakgrunn, finn ein på gardane Tjora og Sola, som bae har nær tilknytning til Hafrsfjord. Det er elles freistande å spørja om føreleddet i namnet *Bårhaug* frå Tjora kan



Fig. 4. Høgdedraget Vardåsen (Tjora). Foto: Inge Særheim, UiS.
 Fig. 4. Vardåsen ridge (Tjora). Photo: Inge Særheim, UiS.

vera ordet *borg* f., ev. med bakgrunn i eit gammalt forsvarsverk, jf. det nemnde *Berge* frå Haga.

Mange namn frå Hafrsfjord og området kringom er, naturleg nok, knytte til båtferdsel. Ordet *båt* m. er føreledd i namn som *Bådhagen* (Haga), *Bådaberget* (Sola, Myklabost) og *Bådstad* (Meling), vel nytta om faste liggjestader for båtar. I *Busseneset* (Nordra Sunde) frå fjordkjeften finn ein norr. *bússa* (*búza*) f., nytta om eit slag store og breie skip. Like ved ligg *Håttaviga* (samband med *håtta* vb. 'oppdaga, leggja merke til'), som skal ha bakgrunn i lyssignal i samband med kryssing av fjorden. Namn som *Lahaug* (Hogstad) og *Ladberget* (Madla, Tjora), som inneheld ordet *lad* n., siktar til gamle laste- og losseplass for båtar på slike stader.

Det vanlege nemnet for 'båtstø', altså staden der ein går ut og inn med båten, er *stø*, som språkleg er laga til verbet norr. *standa* 'stå'. Det ligg føre i namn som *Krosstø* /'kråste/ (Risa, Hogstad), *Karistø* (Madla) og *Støene* (Risa). Fleire namn fortel om naust (båthus), t.d. *Bøanaustret* (Madla), *Novanaustra* (Grannes), *Jonasnaustret* (Revheim, Madla), *Naustra* (Grannes) og *Nausthagen* (Sømme, Sørnes). Dette ordet har fått lagt til ein *-r* i nedarva jærmål: *nauster*. Samansette namn med dette ordet har gjerne etterleddstrykk, som *Naustertangen* /nauster'tanjen/ (Obrestad).

Nemnet *strand* er i namn frå Jæren gjerne nytta om den gamle båtstaden til vedkomande gard, jf. *Stranden* /'stra:en/ (Nordra Sunde) og *Bådastranden* /'bå:dastra:en/ (Myklabost). Ordet *bryggje* ligg føre i mange namn, t.d. *Gamlabryggja* (Joa), *Torvaldsbryg-*

gja (Grannes) og *Melingsbryggja* (Meling). Elles er *Karet* nytta om ein fortøyingssjå og *Steingarden* om ein molo, båe på Meling. Namnet *Hamn* /'hab,n/ er brukt om hamneplassar (Tananger, Nordra Sunde).

Stadnamna fortel òg om andre tilhøve, bl.a. om reiste bautasteinar, t.d. *Pighella* /'pi:ghedlå/ (Jåsund, Risa), *Piggsteinen* /'pigsteid,n/ (Meling), om gamle steinkrossar, *Krossberg* (Sunde), og om funn av fortids-gjenstandar, *Gullkjedberget* /'gulkjeberje/ (Risa), *Ringberget* (Hogstad). Nokre namn gjev melding om øydegardar, som *Øydgard(en)* (Madla, Sørna Sunde, Nordra Sunde, Sømme, Sola) og *Heislandsrulla* /'heislans-rodllå/ (Nordra Sunde); det sistnemnde inneheld truleg eit gammalt gardsnamn av *land*-typen, **Heisland* (Særheim 1999:200 f.).

I dette området finn ein elles namn som *Kongshaug* (Tjora, Sande), *Alvasteinen* (Revheim, Myklabost) og *Krypta* /'kryptå/ (Tjora); det sistnemnde siktar i stadnamna gjerne til ein innelukka stad. Det finst dessutan namn som har bakgrunn i kristen kultur og tradisjon, som *Prestøyna* (Grannes), *Prestaskjer* (i fjordkjeften), *Prestaberget* (Sømme), *Kyrkjevoll* (Madla) og *Kjøregarden* (Tjora, 'kyrkjegard').

Det synest òg vera minne om førkristen kult i nokre namn frå dette området. Ein har t.d. rekna med gudenamnet *Ull* i gardsnamnet *Ullandhaug* (NG 10 200 f.). Også føreledd som *Hog-* i gardsnamnet *Hogstad* og *Saur-* i *Sørnes* (< norr. *Saur-*), har av somme forskarar blitt sette i samband med ein tidlegare kult på vedkomande stader. Det førstnemnde har dei tolka som



Fig. 5. Havnivå på Jæren ca. 3000 f.Kr. Kart: Inge Særheim, UiS.

Fig. 5. The sea level in Jæren approx. 3000 BC. Map: Inge Særheim, UiS.

norr. *hofn*. 'hov, gudehov' (NG 10 70), og namneleddet **Saur-* (i gardsnamnet *Saurbø, Sørbo*) som norr. *saurr* m. 'dy, søle, lort, "surpe"; mannleg sæd', her med bakgrunn i tidlegare kultiske handlingar, kanskje ein grøderikdomskult (Barði Guðmundsson 1959). Men vel så rimeleg synest det å tolka *Hog-* som ordet *haug* m., dessutan å setja *Sør-/Saur-* i samband med våtlendt (og kanskje grøderik) jord.

Unike gardsnamn nytta om gamle sentralstader

Hafrsfjord er omkransa av gardar med svært gamle namn, t.d. *Sola, Tjora, Sømme, Madla, Goa, Viste* og *Tasta*. Om ein utvidar området litt mot sør, kan ein ta med fleire namn i denne gruppa, som *Hinna, Soma, Gimra, Tjelta, Skas, Gruda, Bore, Orre, Erga, Salte* og *Anda*. Til saman finst det om lag 25 gardsnamn av denne typen på Jæren. På Nord-Jæren utgjer slike namn om lag 20 % av dei gamle gardsnamna. Knapt nokon annan stad i Noreg eller Norden finst det så stor konsentrasjon av gamle, unike gardsnamn. Fleire av desse namna må karakteriserast som utolka. Dei er ikkje laga til ord som er kjende i eldre eller yngre variantar av norsk eller nordisk språk, eller til ord som er kjende i andre skylde språk. Den språklege forma og lagingsmåtane tyder på høg alder.

Slike namn synest vera opphavlege naturnamn som skildrar topografien, jordgrunnen e.l. (Særheim 2004:320). Dei ser ut til å vera laga på tilsvarende måte som dei gamle usamansette naturnamna – namn på øyar, fjordar, elvar og innsjøar, t.d. namn som *Bokn, Ombo, Idse, Jøsen, Fister, Jelsa, Figgjo* og *Sira*. Både i slike namn og i dei eldste gardsnamna på Jæren finn ein avleiingssuffiks som var produktive i den førnordiske språkperioden, dvs. i urgermansk og indoeuropeisk, t.d.:

- r: norr. *Alra* (Orre), *Þjórar* (Tjora), **Apra* (i Obrestad)
- s: *Skas*
- n: norr. **Hinni* (Hinna), *Saltn-* (Salte)
- m: norr. *Lími* (Lima)
- t: norr. **Grút-* (Gruda), **Þjóttar* (Tjøtta), *Hrótt* (Rott)
- ð: norr. **Guði*
- (s)t: norr. *Vist-* (Viste), **Tastar?* (Tasta)

Fleire av desse namna ser ut til å skildra ei tidlegare strandline, anten ei vik eller ein fjordarm (Særheim 2004:327 f.). Mange namn er knytte til eit eldre strandnivå som pga. landhevinga i dette låglendte terrenget no ligg eit godt stykke lenger inne i landet enn den noverande strandlina (Fig. 5).

Namnet *Salte*, skrive *de Saltne* 1298 og *a Salltne* 1299, er språkleg i slekt med norr. *saltr* adj. 'salt', her vel brukt om eit lågtliggjande strandområde som stundom er overfløymt av sjøen (NG 10 132 f., Særheim 2004:323). Nokre naturnamn frå same området, som *Syltertangen, Sylterviga* og *Sylterura*, inneheld ei avlydsform til ordet *salt* adj. (og *Salte*), og skildrar tilsvarende tilhøve.

Namnet *Hinna* (*Hinn denn* 1563) er truleg avleidd til den germanske rota **hīs-* med tydinga 'skjera, kløyva' (Nes 1974:53 ff.). Det kan sikta til at landet ved tidlegare havnivå nesten var skore av på denne staden av dei to fjordane Hafrsfjord og Gandsfjorden. Skyldelagingsnamn er *Hinnøya* (Nordland), dessutan *Hitra* (Sør-Trøndelag), *Hidra* (Vest-Agder), *His* (Aust-Agder) og det svenske (båhuslenske) *Hisingen*.

Andre namn ser ut til å skildra ein topp eller ein høgderygg. Gards- og soknenamnet *Bore* (*Bordu* s. 1322, *a Bordho* 1427) er skylt ord som norr. *borð* n. 'bord, planke', *barðr* m. og *barmr* m. 'barm, kant, bard' (NG 10 134 f., Særheim 1980: 75). Det siktar til at denne garden ligg på ein langstrekt høgderygg på sørsida av elva Figgjo.

Atter andre namn fortel om jordgrunnen, t.d. *Gruda* (*pa Grithøm* 1519, *Grwde* 1521), som har samband med norr. *grjót* n. 'stein', jf. òg ordet *grut* m. 'kaffigrut, restar etter kaffi'. Det høver godt om jordgrunnen. Ein teig ved det gamle gardstunet heiter *Grydingen* (avleidd av norr. *grjót* n. 'stein').

Gards- og soknenamnet *Madla* (*eccl. de Mollom* 1298, *Mallar* s. 1347), norr. *Mallar* pl., er i slekt med ord som norr. *m†l* f. '(små)stein' og *malmr* m. 'malm'. Det siktar til morenegrunn (NG 10 192 f.).

Nokre namn synest vera tidlegare vassdragsnamn, anten nytta om ei elv eller ein innsjø. Namnet *Lima* (*fra Liima* 1462), vel norr. **Lími* m., har truleg samband med rota i norr. *slím* n. 'slim', som kan sikta til stilleflytande vatn, med bakgrunn i Limavatnet. Skyldelagingsnamn her i landet er *Limingen* og *Lemonsjøen* (Nes 1985:16 ff.).

Gards- og soknenamnet *Orre* (jf. *Aulru-Kári* i norrøn litteratur, *Alro sokn* 1448), norr. **Alra* f., er truleg eit eldre namn på Orreåna (Orre-vassdraget). Språkleg kan det setjast til ei indoeuropeisk rot **el-* 'flyta, strøyma' som synest liggja føre i fleire europeiske elvenamn, t.d. dei tyske *Aller* og *Iller* (Særheim 1978:162 f.). Ei alternativ tolking er laging til verbet *ala* '(få til å) veksa', anten med bakgrunn i fiskerikdom eller i at elva veks raskt ved flaumregn (jf. Andersson 1972:36 ff.). Eit anna framlegg er språkleg samband med trenemnet *or* (NG 10 131 f.), men det høver ikkje med vegetasjonen på denne staden. Dette trenemnet har elles grunntry-

dinga 'blank, lys', noko som kunne høva for ei vassføring i det opne Jær-landskapet.

Eit viktig metodisk spørsmål som bør stillast, og som har med alderen til namna å gjera, er om dei gamle usamansette naturnamna er døme på såkalla *primær* namnelaging, dvs. laging med eit suffiks innan den tidsperioden då vedkomande suffiks var produktivt, eller om dei er resultat av *sekundær* namnelaging, dvs. laging til eit ord som har funnest i språket, altså innan levetida for vedkomande ord. Dette kan ofte vera vanskeleg å avgjera av di kjennskapen vår til ordtilfanget i førnorrøn tid – urnordisk, urgermansk og indoeuropeisk – er mangelfull.

Når det gjeld dei unike gardsnamna på Midt- og Nord-Jæren, vil ein i dei fleste høva rekna med primær namnelaging. Men for nokre av lagingane synest det vera god grunn til å spørja om vedkomande namn kan vera laga til eit ord (appellativ) som har funnest i språket på det aktuelle tidspunktet, men som ikkje er heimla i eldre skriftlege kjelder, og som difor må rekonstruerast.

Namnet *Tjora* (a *Biorom* ca. 1270, *eccl. de Thiorom* 1297), norr. *Þjórar* pl., er truleg i slekt med det gammalengelske ordet *þēor* 'byll, inflammasjon', som høyrer til ei indoeuropeisk rot med tydinga 'svella' (Særheim 2004:321). Real bakgrunn kan vera nokre haugar og toppar på garden (Fig. 4). Tilsvarande namn finst i Aust-Agder (*Tjore*) og Hordaland (*Tjora*). Nokre svenske stadnamn er truleg i slekt, som *Över-* og *Yttertjurbo* (Västmanland, *Thiurbo hundare* i mellomalderen), *Tjur* (Västerås) og *Tjurkö* (Blekinge). Dei er tolka til gsv. **thiur*, med bakgrunn i 'fjell, steinar'. Språkleg sett ser dei tre norske namna ut til å vera i slekt med dei svenske namna og det gammalengelske ordet, og det er topografisk likskap mellom desse stadene. Namna inneheld venteleg eit appellativ som tidlegare har funnest i språket vårt – vel urgermansk. I så fall er dette eksempel på sekundær namnelaging.

Også namnet *Viste* (a *Visti* 1342) har parallellar andre stader i Skandinavia og Europa. Det svenske sokkenamnet *Vist* (Västergötland og Östergötland) er tolka til eit rekonstruert gammalsvensk appellativ **vist* med tydinga 'elvekrok, elvebøying', sett til ei indoeuropeisk rot med tydinga 'bøya; hjørne, krok', ev. (mindre rimeleg) til gsv. *vist* 'buplass, heimstad' (SOL 361). Dei to framlegga er i SOL (loc. cit.) òg tekne med for *Vista härad* (Småland) og *Viste härad* (Västergötland). Ei tyding 'bøya; krok, hjørne' høver òg for namnet *Viste* på Jæren, som kanskje siktar til den store havbukta Visteviga (som Hafrsfjord munnar ut i) og det sørvestre hjørnet av Randaberg, der ein finn gardane *Viste*, *Vistnes* og *Vistvik* (Særheim 1978:164). Mindre rimeleg synest tolkinga i NG 10 (207 f.) til gno. *vist* f.

'tilhald, bustad, opphald', som er laga til verbet *vera* – altså eit meir abstrakt innhald. Førekkomsten av fleire nærskyldte namn i Skandinavia er eit argument for at slike namn er laga til eit ord (appellativ).

Truleg førekjem det blant dei eldste gardsnamna på Jæren fleire døme på laging til ord som tidlegare har funnest i språket vårt, enn språkforskarar er klare over. Men dette er vanskeleg å påvisa pga. mangelfull kjennskap til ordtilfanget i tidlegare språkperiodar. Jamføring med andre norske stadnamn og med namn i andre land der ein finn skyldte språk, særleg i Skandinavia, dessutan med ordtilfanget i desse språka, kan føra oss nærare eit svar på slike spørsmål. Dei eldste stadnamna våre er ei viktig kjelde til kunnskap om dette og andre spørsmål som gjeld historia til språket vårt og kulturen vår.

Den store konsentrasjonen på Nord- og Midt-Jæren av gamle gardsnamn som ikkje er laga til ord som er heimla i språket vårt, har samband med ein svært lang og samanhengande jordbrukskultur i dette området, dvs. sidan eldre bronsealder, og i nokre høve yngre steinalder. Slike gardsnamn er i regelen nytta om storgardar og sentralstader i området. Fleire av gardane var t.d. kyrkjestader i mellomalderen og skattetaksten til gardane med slike namn var særst høg i denne perioden. Når det gjeld arkeologisk funntilfang, skil òg gardane med desse namna seg ut. Frå bronsealderen er det t.d. i gjennomsnitt langt fleire funn på gardar med slike namn enn på gardar med andre gardsnamntypar (*vin*-namn, *heim*-namn, *stad*-namn, *land*-namn, usamansette naturnamn mfl.). Også namnemiljøet, dvs. andre stadnamn som er knytte til stadene med dei nemnde gardsnamna, tyder på sentralitet og maktkonsentrasjon. Dei unike gardsnamna på Midt- og Nord-Jæren synest med andre ord vera nært knytte til – og uttrykk for – gamle sentralstader og maktsenter i bygdene.

Sluttord

Når det gjeld stadnamnmateriale, kan Hafrsfjord og området kring fjorden på Nord-Jæren seiast å vera eit nøkkelområde både i norsk, nordisk og europeisk samanheng. Toponyma gjev ei rekkje interessante opplysningar om historie og kultur i området, bl.a. om gammal gardsdrift og jordbruksbusetjing, om samferdsel og forsvarssystem, dessutan om sentralitet og maktkonsentrasjon. I namna ligg det òg informasjon om språkform, ordtilfang, språkutvikling og språkleg slektskap; dei eldste namna går attende til den urgermanske – og kanskje den førgermanske – språkperioden. Her ligg det føre eit forskingsmateriale som bør utnyttast for å finna svar på ulike språkhistoriske problemstillingar, men òg på andre spørsmål som gjeld

vår kulturhistorie og viktige sider ved eldre samfunns- liv. Dette materialet ligg vel til rette for tverrvitskapleg forskning og forskingssamarbeid.

Summary in English

Due to the important sea battle in Hafrsfjord in the Viking Age (approx. 872 AD), the fjord name *Hafrsfjord* has a special position in the Norwegian (and Icelandic) history and mentality, as a symbol of the creation of the Norwegian nation and identity. This battle, and the reign of King Harald Hårfagre ('fair hair'), lead to the emigration of many Norwegians to Iceland, and became an important event in several Icelandic sagas. The first element of the name seems to be Old Norse *hafr* (masc.), 'he-goat', probably referring to a dangerous rock in the sea at the mouth of the fjord and difficult sailing conditions. A similar fjord name is found in western Iceland, *Hafursfjörður*.

A number of local place-names (microtoponyms) from Hafrsfjord and the surrounding area have been coined from written and oral sources. The toponyms localise former traditions, events, activities and working processes. The semantic content of the names provides information about topography, fauna, flora, farming, hunting, fishing, travel, administration, defence, religion and special traditions. They also contain valuable information about the local language. Microtoponyms are important sources of information about local history and culture. Of special interest are names associated with ancient defence systems, e.g., name elements like *varde* (masc.) and *vete* (masc.), describing an old system of communication when spotting the enemy, by burning wood on top of a mountain. A number of names are related to travelling and transport, providing information about sailing routes, dangerous waters and safe harbours. Harbours are often called *Hamn* 'harbour' or *Støna* 'landing place for a boat'.

In the middle and northern part of Jæren, where there has been continuous farming since the Bronze Age, we find more than 20 unique non-compound settlement names, which are believed to be very old, e.g. *Sola*, *Tjora*, *Viste*, *Goa* and *Tasta*. They do not contain words that are known in the Scandinavian languages and their origins are uncertain. The names seem to be formed in the same way as old topographical names (names of islands, fjords, rivers and lakes), containing suffixes that were used in the pre-Nordic and pre-Germanic periods. Most of these names seem to describe topographical features, and they are probably old names of bays, shallow fjords, shorelines,

hills, lakes, rivers etc. The shoreline has changed significantly in this low-lying area over the last 4,000–5,000 years, owing to considerable land rise. Names of this type are associated with the largest, oldest and most central agrarian settlements in this area.

Referanser

- Andersson, Th. 1972. Norden och det forna Europa. *Namn och bygd* 60, 5–58.
- Eyrbyggja saga. Íslenzk fornrit* 4. 1935. Reykjavík.
- Grettis saga. Íslenzk fornrit* 7. 1936. Reykjavík.
- Guðmundsson, B. 1959. *Uppruni Íslendinga*. 124–140. (Opptrykk av artikkel i *Helgafell* 1, 1942), Reykjavík.
- Ísland vegaatlas* 2006. Reykjavík.
- Jónsson, F. 1967. *Den norsk-islandske skjaldedigtning A 1*. København.
- Lárusson, Ó. 1939. Island. *Nordisk kultur* 5. Utg. av M. Olsen. København–Oslo–Stockholm, 60–75.
- Lind, E.H. 1905–15. *Norsk-isländska dopnamn och fingerade namn från medeltiden*. Uppsala–Leipzig.
- Magerøy, H. et al. (red.). 1963. *Den norrøne litteraturen* 6. Oslo.
- Nes, O. 1974. Nokre øynamn laga til germansk *hī-. *Maal og Minne*, 53–65.
- Nes, O. 1985. Gamle vassførenamn *Inn og *Lemund-. *Namn og Nemne* 2, 7–27.
- NG 10: Rygh, O 1915 (red.). *Norske Gaardnavne* 10. Stavanger amt. Utg. av M. Olsen. Kristiania.
- NSL: Sandnes, J. & Stemshaug, O. (red.). 1997. *Norsk stadnamnleksikon* 4. utg. Oslo.
- Sigmundsson, S. 2010. Et par islandske bjergnavne. Larsen, T. & Schmidt, T (red.). *Botolv – onomastikkens harding*, s. 121–125. Oslo.
- SOL: Wahlberg, M. (red.). 2003. *Svenskt ortnamnslexikon*. Uppsala.
- Særheim, I. 1978. Stadnamn frå sjøen på Jæren. Utrykt hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen.
- Særheim, I. 1980. *Stadnamn i Klepp*. Rogalandsforskning. Rapport nr. S 7. Stavanger.
- Særheim, I. 1999. Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land. Avhandling for dr.philos.-graden. Universitetet i Bergen.
- Særheim, I. 2004. Our oldest Settlement Names. A. van Nahl et al. (red.). *Namenwelten*, s. 318–332. Berlin–New York.